



Arkivsaknr: 2025/2982-1
Sakshandsamar: Siril Therese Sylta
Avdeling: Arealforvaltning

SAKSFRAMLEGG

Avtale om vertskommunesamarbeid for felles landbrukskontor for kommunane Alver, Austrheim og Modalen

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	
	Formannskapet	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek å inngå ny avtale om vertskommunesamarbeid med Austrheim kommune og Modalen kommune for drift av felles landbrukskontor for Alver, Austrheim og Modalen, i samsvar med vedlagt forslag til avtale.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Denne saka gjeld fornying av eksisterande avtale mellom Alver, Austrheim og Modalen kommunar om drift av felles landbrukskontor, med Alver kommune som vertskommune. Avtalen er basert på heimel i kommunelova § 20-2 og omfattar oppgåver innan landbruksforvaltning, inkludert sakshandsaming etter lovverk som jordlova, konsesjonslova, viltlova og naturmangfaldslova.

Avtalen skal gjelde frå 1. januar 2025 og erstattar tidlegare avtalar. Målet med samarbeidet er å sikre betre tenester retta mot landbruket gjennom auka kompetanse, effektiv sakshandsaming og samarbeid mellom kommunane.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Alver kommune har leverer tenester innanfor fagområdet landbruk i Fedje, Austrheim og Modalen kommune. Dette var ei vidareføring av dei to tidlegare avtalane mellom Meland og Modalen kommune, og Radøy, Austrheim og Fedje.

Behov og vurderingsgrunnlag

Avtalen styrkar kommunane si evne til å oppfylle lovpålagte oppgåver innan landbruksforvaltning. Gjennom samarbeidet vert ressursar samordna for å sikre betre rettleiing, meir effektiv sakshandsaming og auka kompetanse.

Avtalen er også forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel og regionalpolitiske mål om å styrke landbruksnæringa. Dette inkluderer tiltak for miljømessig berekraft, rekruttering til landbruket, næringsutvikling og auka samarbeid med andre offentlege instansar.

Partane i avtalen

- Alver kommune som vertskommune
- Austrheim og Modalen kommunar som samarbeidskommunar

Landbrukskontoret vil vere plassert på Frekhaug, med moglegheit for faste kontordagar i samarbeidskommunane. Kostnadsfordelinga mellom kommunane er basert på ein modell med ein fast sum (1/3) og ein variabel del (2/3) fordelt etter folketal.

Austrheim kommunestyre har i sak 4/2025 den 13.02.2025 vedtatt den nye avtalen.

Vurdering

Sikrar høg kompetanse og gjennomføringsevne i landbrukstenestene. Bidreg til økonomisk effektivitet gjennom deling av kostnader mellom kommunane. Styrkar samarbeidet mellom kommunane og rekrutteringa til fagområdet.

Alternativ

Alternativet ved at det ikkje vert inngått ny avtale er at det ikkje vert etablert eit felles landbrukskontor for dei aktuelle kommunane i avtalen.

Dette vil truleg få ein negativ verknad for landbruksforvaltninga i Nordhordland og vil føre til tap av kompetanse og kvalitet på tenestene for Austrheim og Modalen.

Økonomiske konsekvensar

Avtalen fører til ei stabil fordeling av kostnader mellom kommunane, justert for løn- og prisvekst. Eventuelle tilleggskostnader knytt til redusert statleg støtte til veterinærordninga vil bli vurdert i budsjettprosessen.

Ut over dette vil ikkje avtalen føre til økonomiske konsekvensar for Alver kommune, då drift av felles landbrukskontor er lagt inn i vedtatt budsjett for 2025.

Organisasjonsmessige konsekvensar

Dette vil ikkje føre til organisasjonsmessige konsekvensar for Alver kommune. Samarbeidet innanfor landbruk har allereie eksistert i lang tid. Endringa frå 1.1.2025 er at Fedje kommune går ut av samarbeidet. Det er vedtatt 1 ny stilling på landbruk i budsjett for 2025.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår til at avtalen vert fornya for å sikre gode og effektive landbrukstenester i kommunane.

Vedlegg

- 1 Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Alver, Austrheim og Modalen om felles landbrukskontor